

Høyringsuttale til ekspertutvalets rapport om farleg avfall på Raudsand.

Regjeringa oppnemnde i april 2019 eit ekspertutval for reduksjon og behandling av farleg avfall. Mandatet var å vurdere korleis farleg avfall i Norge skal reduserast og korleis framtidige løysingar for behandling av farleg avfall skal sikrast. Raudsand i nye Molde kommune er ein av stadene som kan vera aktuell for nasjonalt deponi for farleg avfall. Kva for detaljkunnskapar sit ekspertutvalet inne med om lokaliteten Raudsand i nye Molde kommune? Ut i frå rapporten kan ein lesa seg til at dei ikkje ein gong har synfare staden. Det har vi lurt på kvifor? Hadde dei enn så gjort, hadde dei med eigne augo fått sine inntrykk frå fortida, for den ligg der fortsatt. Forureina natur med opne deponi, som ansvarlege skulle ha teke hand om for årtider sidan, har til dags dato vore prisgjeve dyr og menneske og naturen både på land og sjø. Vi ser med stor undring på om at Raudsand er eit eigna alternativ for nasjonalt deponi i det heile. «Berekraftbegrepet» har fått fotfeste i norsk politikk. Mantra som «det grønne skiftet, grøn olje, klimarekneskap, sirkulær økonomi, Halosep-metode, smarte valg, resirkulering, innovativ, framoverlent, effektiv osv. har vorte kvardagsleg i det offentlege ordsiftet for å forføre, eller heller sagt, forvirre folket.

Ein kan vel ikkje satse på nytt nasjonalt deponi for farleg avfall på Raudsand då dei gamle deponia ligg der enno med si forureina hemmelegheit som kanskje ikkje toler dagens lys. Miljøgifter er og har vore eit underkommunisert i tema i prosessen. Vi er kjende med at det har lege opne deponi i mange år, ope for ver og vind med potensialet for spreiding av farlege miljøgifter. Det er forsøming med tanke på bekymring for folkehelsa. Helse- og miljøbegrepa har ikkje vore temaet i prosessen, og ei robust ROS-analyse med tanke på helse, miljø og sikkerheit har vore etterlyst, men er enno ikkje utarbeidd. Helseutfordringane skal danne grunnlaget for mål og strategiar som er forankra i plan- og bygningsloven. Det er viktig med eit langsiktig folkehelsearbeid fordi avgjerda som blir teke i dag, er avgjerande for samfunns- og miljøforholda i lang tid framover og dermed helsa til komande generasjonar. For å setja i gang eit prosjekt må det minst vera heilheitleg og ikkj stykkevis og delt.

Miljøet er verna i grunnlova og denne bestemmelsen er forpliktande, det er ikkje berre ei programerklæring. Vi har ein fjord, Tingvollfjorden, som ikkje er friskmeldt enda etter mange år. Det seier seg sjølv at ein kan ikkje starte opp nye store prosjekt før ein har bevist at det er ordna forsvarleg opp i det gamle. Farleg avfall må lagrast etter strenge forskrifter og avfallet må resirkulerast om mogleg på den plassen det er produsert og ikkje fraktast over store avstandar med fare for uhell på land eller sjø. Teknologien er sårbar. Den inneber både mulegheiter og har farepotensiale. Det er ingenting som overgår naturen, han svarar tilbake når han blir offer for overgrep. No tolest det ikkje meir ansvarspulverisering. Vi etterlyser ei tydeleg ansvarsplassering i den offentlege forvaltninga med tanke på arven vi overlet til komande generasjonar.

Marianne Klokset Aspås